



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 12.06.2018

Sak nr.: 16/3972-71
Internt I.nr. 31532/18

Sak: 26/18

Tittel: **Regional plan for klimaomstilling - endeleg vedtak**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert vedteken slik den ligg føre.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget merkar seg at Stortinget i handsaminga av Avfallsmeldinga tek til orde for auka bruk av biogass til transport. Med E39 som går gjennom dei største landbrukskommunane i fylket, og ma. Tine sitt meieri på Breim med stort transportbehov, ligg det naturleg til rette for å utvikle eit samarbeid rundt biogass. Fylkestinget ber om at det vert teke inn i handlingsplanen å arbeide med ein biostrategi der desse naturgjevne tilhøva vert vurdert utnytta til å skape ei kompetanseklunge og eit biogassanlegg basert på husdyrgjødsel og anna organisk avfall.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg som tillegg i Regional plan for klimaomstilling, punkt 3.5:

I tillegg til å begrense utslepp av gummigranulat frå eksisterande kunstgrasbaner ber fylkestinget at det blir gjennomført eit arbeid for å utgreie andre alternativ til gummigranulat under etableringa av nye kunstgrasbaner i framtidia.

Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å greie ut etablering av eit *Investeringsfond for Klimaomstilling* og legge fram sak om dette i samband med komande budsjettetthandsaming.

Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

Økonomisk ramme for Klimaomstillingsplanen i 2018 vert auka med 1,2 mill for å gje oppstartløyving til nasjonalt klimatilpassingssenter i Sogndal, tiltak 2 i handlingsplanen.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesutvalet, og framlegget frå Kristeleg Folkeparti, vart samrøystes vedteke. Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 12 røyster, og vart dermed forkasta.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster, og vart dermed forkasta.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne vart samrøystes vedteke.

Fylkestinget fann samrøystes Trude Brosvik inhabil ved handsaminga av framleggget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne om oppstartsmidlar til klimatilpasningssenter knytta til Vestlandsforsking, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert vedteken med slike tillegg:

- Fylkestinget merkar seg at Stortinget i handsaminga av Avfallsmeldinga tek til orde for auka bruk av biogass til transport. Med E39 som går gjennom dei største landbrukskommunane i fylket, og m.a. Tine sitt meieri på Breim med stort transportbehov, ligg det naturleg til rette for å utvikle eit samarbeid rundt biogass. Fylkestinget ber om at det vert teke inn i handlingsplanen å arbeide med ein biostrategi der desse naturgjevne tilhøva vert vurdert utnytta til å skape ei kompetanseklunge og eit biogassanlegg basert på husdyrgjødsel og anna organisk avfall.
- Økonomisk ramme for Klimaomstillingsplanen i 2018 vert auka med 1,2 mill for å gje oppstartløyving til nasjonalt klimatilpassingssenter i Sogndal, tiltak 2 i handlingsplanen.